

## **Etne Sokn**

### **Søknad om støtte til Barne og Ungdomsarbeid**

#### **Kven kan bli få tilskot**

Etne Sokneråd ønskjer kvart år å dela ut støtte til barne og ungdomsarbeid innan den norske kyrkja i Etne sokn.

#### **Korleis skal det annonserast/Søknadsfrist**

Det skal informerast om utdelinga og søknadsfrist i julenummeret av Kyrkjeposten. Til leiaren for alle aktuelle lag skal det også sendast ut søknadsskjema saman med vedtekne retningsliner for utdeling.

(Frå 2025: Søknadar vert behandla fortløpande).

#### **Kva skal søknaden innehalda**

I søknaden skal ein gje opp medlemstal, rekneskapstal, så som inntekter, utgifter og kor mykje ein har i banken. Det er også ønskjeleg med ei kort orientering om aktiviteten i laget og om det for komande år er planlagt spesielle prosjekt. Det vert elles vist til søknadsskjema.

#### **Kva kan det gjevast støtte til**

Støtte kan utdelast til vanleg drift av laget og til spesielle prosjekt. Etne Sokneråd vil ikkje prioritera å dela ut støtte til lag som har god økonomi, utan at ein kan visa til spesielle tiltak komande år.

#### **Behandling av søknadene**

Soknerådet oppnemner tre personar til vurderer søknadene og å koma med framlegg til utdeling for det enkelte år. Det er soknerådet som gjer endeleg vedtak.

Etter at søknadene er vurderte, vil soknerådet gjera vedtak om kor stor sum som skal delast ut. I samband med fastsetjing av utdelingssum, vil det også bli tatt omsyn til soknerådet sin økonomi.

Søklarar/leiarar i lag som søker og som samtidig er soknerådsmedlemmer skal ikkje ta del i behandlinga av søknaden til eige lag.

Dette reglementet er vedteke i Etne sokneråd 9. april 2014

## Etne Sokn

### Søknad om støtte til Barne og Ungdomsarbeid

Laget sitt namn.....

Leiar.....

Bankkontonr.....

Medlemstal.....

Rekneskapstal

Inntekter.....

Utgifter.....

Banksaldo.....

Andre opplysningar.....

.....

Spesielle tiltak/prosjekt i året som kjem med enkelt budsjett

.....

.....

.....

.....

Etne, .....

Underskrift.....

Søknaden kan leverast på Etne kyrkjekontor eller sendast som e-post til  
sakshandsamar@etnekyrkja.no

**Søknadsfrist : Frå 2025: søknadar vert handsama fortløpande**